



Her skal det byggjast tomannsbustader i Ospelunden

Onsdag i neste veke skal forvaltningskomiteen vedta ein rekkje mindre endringar i Ospelundplanen. Ein av dei er innpassing av høgdebasseng på 200 kubikkmeter i det øverste feltet og at 5 miljøstasjonar skal etablerast og fordelast på heile feltet. Det heiter også at fortau på 2 meter skal følge veg A og fram' til avkøyrsla til veg B, Byggjegrensa med 4 meter avstand til nabogrense vert fjerna.

Planen er frå 2004 og det har stort sett ikkje skjedd noko i området .Det heiter i saksførebuinga at revisjonane som no vert lansert er mange men med enkle oppdateringar omgår ein tidkrevande dispensasjonar og dyre reguleringsplanendringar og nyregulering, held rådmannen fram.

Endringane fører ikkje til store konsekvensar korkje for areal, miljø eller trafikk. Heller ikkje vil dei ha negativ verknad på omkringliggjande miljø i høve til det som er planlagt, heiter det i saksutgreiinga.

Planen får betre trivsel for dei som skal etablere seg i feltet. Men før endeleg vedtak må saka sendast på høyring til berørte mynder.

Av Ola Matti Mathisen